




Det Kongelige Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO



Høring av forslag om vidareutvikling av produksjonsavgrensingssystemet (MTB) innan lakseoppdrett

Fylkeskommunen viser til brev av 11.10.2013 frå Fiskeri- og kystdepartementet der dei ber om innspel til forslag om vidareutvikling av system (MTB).

Bakgrunn

Ut ifrå miljøomsyn og for å ha ein marknadstilpassa produksjon vil det vere trong for eit avgrensingssystem for lakseoppdrett. Havbruksnæringa har vore igjennom ulike produksjonsavgrensande tiltak. Systemet som vi har i dag, maksimalt tillatt biomasse (MTB), blei innført 1.januar 2005 etter forslag frå ei arbeidsgruppe representert av næring, forskning og forvaltning. Tidlegare var produksjonen avgrensa gjennom førkvoter og merdvolum (notvolum).

For å drive med lakseoppdrett i Noreg må ein ha konsesjon og lokalitet å drive på. Konsesjonar har vore tildelt gjennom tildelingsrundar eller ein kan kjøpe dei av andre som har konsesjon. Med dagens system utgjer ein konsesjon 780 tonn MTB i alle fylke utanom Troms og Finnmark der den er 945 tonn MTB. Ein lokalitet kan ha tilknytt mange konsesjonar for å få stordriftsfordeler og mindre arealbehov. Laksen blir sett ut som smolt på 50 -100 gram og slakta ved 4-5 kg. Ein produksjonssyklus på ein lokalitet tek 12-18 månader og blir avslutta av ein brakkleggingsperiode på to månader.

Dei fleste mindre oppdrettsselskapa i Sogn og Fjordane har lokalitetar med ei produksjonsavgrensing på 1560-3120 tonn MTB. Marine Harvest som eig om lag 50 % av konsesjonane i fylket har lokalitetar på opptil 5460 tonn MTB. Samla sett må selskapa balansere sin MTB på dei lokalitetane som dei har drift på og ikkje overskride sin konsesjons MTB.

Det er altså ikkje avgrensinga på kvar lokalitet som er på høring, men kor mykje fisk selskapa kan produsere totalt som er ute til høring.

Forslaget frå departementet

Forslaget om rullerande konsern-MTB går i korte trekk ut på at ein gir oppdrettsselskapa moglegheit til å velja ei avgrensingsordning der konsern-MTB til ein kvar tid (med månadsintervall) blir rekna ut frå den faktiske biomassen til selskapet dei 11 føregåande månadane. Departementet ber om innspel på følgjande forslag, samt omdømebruken kring ulike formar for MTB.

Alternativ 1 0-alternativet – vidareføring av dagens ordning. Ingen vidareutvikling av MTB-systemet.



- Alternativ 2: Rullerande gjennomsnittleg MTB med same selskaps-MTB som i dag. Dette kan ifølgje utvalet gje maks 5 % meir fisk i sjøen enn før, dvs. 50.000 - 90.000 tonn i heile Noreg (mest i andre halvdel av året p.g.a. biologiske og temperaturmessige tilhøve.)
- Alternativ 3: Rullerande gjennomsnitts-MTB med t.d. 5 % redusert selskaps-MTB. Dette vil gi noko redusert produksjonskapasitet, samanlikna med alternativ 2.
- Alternativ 4: Valfritt om aktørane vil fortsette med dagens ordning eller gå over til rullerande med t.d. 5 % reduksjon i konsesjons-MTB.

Vurdering

Vi ser det som positivt at det også i framtida er eit system for å kontrollere biomassen innan oppdrett. Fordelane med dagens MTB-system er at næringa og forvaltninga har eit kontrollerbart system som ligg fast over tid. Utad skaper det også tillit til oppdrettsnæringa ved at ein ser at mengda laks eit selskap har løyve til å produsere er forutsigbar og kontrollerbar. At ein har eit MTB-system som fungerer i praksis er sentralt for å bygge tillit vidare både til havbruksforvaltninga og til næringa. Med dagens system trengs ingen forskriftsendringar og ingen auka kostnader for forvaltninga. Næringa unngår kostnader som vil kunne kome som følge av driftsomlegging og tilpassinga til eit justert regime.

Forslaget om rullerande MTB vil ifølgje Kontali Analyse og Sintef gir auka fleksibilitet og betre marknadstilpassing for spesielt små aktørar og dei som driv med vidareforedling eller slakteri. Dette vil vere positivt for mange aktørar i Sogn og Fjordane.

Det er verdt å merke seg at samtlege forslag for rullerande gjennomsnittleg MTB viser auka mengd ståande fisk i andre halvår samanlikna med dagens regime. I følgje Sintef vil ein kunne rekne med at ståande biomasse andre halvår blir 50.000 – 90.000 tonn høgare enn samanlikna med utvikling av dagens regime. Det er i følgje Sintef ikkje grunnlag for å konkludere med auka belastning på utvandrande laksesmolt, men derimot på sjøauren som oppheld seg i fjordområde heile året. Dette er også noko som departementet tek opp i si vurdering, men dei viser til arbeidet kring berekraftsindikatorar som er sett i gong. Departementet konkluderer med at ei eventuell auke i påslag av lakselus på vill laksefisk som følgjer av auka biomasse i sjø, vil bli fanga opp av eit nytt system for kontroll med lakselus. Denne ordninga trer ikkje i kraft før i 2015.


Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune meier at ei auke i produksjonen på om lag 5 % vil gje våre mindre oppdrettsaktørar høve til vekst. Vi har etter vårt syn eit stort vekstpotensiale i Sogn og Fjordane om ein får kontroll med mellom anna lakselus og virussjukdommar.

Veksten må vere berekraftig og ein må sikre at sårbare sjøaurebestandar ikkje vert ytterlegare skadelidande. Her ber vi departementet syte for eit betre kunnskapsgrunnlag om sjøauren m.a. mot. vandringsmønster og sårbarheit i høve til menneskeskapte påverknadar som vassdragsreguleringar og akvakulturanlegg.

Vi stør forslaget sitt alternativ 2, om rullerande gjennomsnittleg MTB med same selskaps-MTB som i dag.

Med helsing



Jan Heggheim
Fylkesdirektør for næring

Frode Hovland
seniorrådgjevar